

Anja Michaelis i Vestnes Rotaryklubb vart nyleg heidra med Rotary si høgste utmerking, ein Paul Harris Fellow, for sitt arbeid med ungdomsutveksling mellom Norge og utlandet. Guvernør Gunnar Kvalsund i Distrikt 2305 overrekte Anja medalje, nål og diplom på distriktskonferansen i Ålesund sist laurdag. Før på dagen hadde ho med seg ungdommar frå Australia, Colombia og fleire andre stader. Dei presenterte seg på norsk og ga alle uttrykk for at dei likte seg i Norge. Dei går på skule her og bur privat hos ein eller fleire verstsfamiliar i inntil eitt år. Tilsvarande hjelper Rotary norske ungdommar til utlandet. Anja har i fleire år lagt ned ein ekstraordinær innsats i dette viktige arbeidet. Ho vart overraska, men var synleg stolt over utmerkinga. Vi gratulerer!